

Dragseidstien

Haraldseidvågen

Bakgrunn

Stien som startar her i Haraldseidvågen er resultat av eit kommunalt prosjekt i Vindafjord kommune kalla Dragseidprosjektet. Det var Skjold og Vats Sogelag som la grunnlaget for dette prosjektet seitn på 1990-talet, og som det blei arbeidd vidare med i perioden 2008 – 2011.

Kva er eit dragseid og kva vart det nytta til ?

Eit dragseid er eit stykke land mellom to fjordarmar der det høver seg å transportere varer og dra båtar over. Mange stader finn ein namn med endinga -eid, t.d. Sandeid, Haraldseid og Eide. Om draget har gått i myrlendt terren, kan me finne lunnar eller stokkar i myra som båtane vart drege over.

Segn og saga fortel at eida vart nytta av vikingar og kongar som ville spare tid for å overraske fienden, eller koma seg tryggare fram. Me veit og at romanifolket heilt ut på 1940-talet drog båtane sine frå Haraldseidvågen til Isvik. Slik slapp dei den farefulle ferda over Sletta. 4. juni 2010 vart Olderfarbåten dregen over same eidet.

Dragseid vart nytta over heile landet. Blant anna veit me at det vart drege båtar mellom Randsfjorden og over til Mjøsa i sein vikingtid.

(Kjelde: Jørn Løset)

Undersøkingar

I Vindafjord er det tre slike eid som har vore nytta for å knyte fjordsistema i Nord-Rogaland og Sunnhordland saman. Mellom Sandeid-Ølen, mellom Åmsosen, Vatsvatnet og Ølensvåg og altså her mellom Isvik og Haraldseidvågen.


Historisk sti

I samarbeid med Skjold Turlag og den kommunale turstigruppa i Vindafjord kommune har det blitt lagt til rette for denne historiske stien opp til Haraldseidfjellet, og du vil finne historisk informasjon her ved Haraldseidvågen (1), ved landingsplass (2), ved skyttargraver (3) og på Haraldseid (4).

Haraldseidet

Haraldseidet ligg mellom Skjoldafjorden og Ålfjorden. Grunnen til at ein valde å dra fartøy over eidet var at havstykket Sletta nord for Haugesund er svært farleg. Den norske los karakteriserer Sletta som eit farlig bølgjeområde, noko som skuldast at svært varierande dybder kombinert med tidevassstraumar, forårsakar store og uforutsigbare bølgjer. Eidet er cirka 3 kilometer langt og 40 meter på det høgaste. Ei gammal myte forklarar stadnamnet Haraldseid med at Harald Hårfagre hadde ein gard på staden, og han skal også ha dratt skipa sine over eidet for å sleppe unna fiendar. Haraldseid var eit krongods i mellomalderen.

Historikar Nils Olav Østrem skriv om at det er fleire opplysningar om drag av båtar på 1700/1800-talet og i nyare tid. På 1930-tallet vart t.d. to brør engasjerte til på ein gong å frakte tre båtar over Haraldseidet. Båtane blei lagde på ein høyslede. På 1950-tallet fortalte Ola Haraldseid at det var vanlig å frakte båtar over eidet på 1930-talet. Dei vanligaste båttypene var færinger og seksringar som blei lagde på hjulsledar. Ein annan historie frå same tid viser at det også var vanlig å legge ned trestokkar eller båtutstyr som tofter, til å dra båtane på.



Dragseidstien

Haraldseidvågen

Bakgrunn

Stien som startar her i Haraldseidvågen er resultat av eit kommunalt prosjekt i Vindafjord kommune kalla Dragseidprosjektet. Det var Skjold og Vats Sogelag som la grunnlaget for dette prosjektet seint på 1990-talet, og som det blei arbeidd vidare med i perioden 2008 – 2011.

Kva er eit dragseid og kva vart det nytta til?


Eit dragseid er eit stykke land mellom to fjordarmar der det høver seg å transportere varer og dra båtar over. Mange stader finn ein namn med endinga -eid, t.d. Sandeid, Haraldseid og Eide. Om draget har gått i myrlendt terreng, kan me finne lunnar eller stokkar i myra som båtane vart drege over.

Segn og saga fortel at eida vart nytta av vikingar og kongar som ville spare tid for å overraske fienden, eller koma seg tryggare fram. Me veit og at romanifolket heilt ut på 1940-talet drog båtane sine frå Haraldseidvågen til Isvik. Slik slapp dei den farefulle ferda over Sletta. 4. juni 2010 vart Olderfarbåten dregen over same eidet.


Dragseid vart nytta over heile landet. Blant anna veit me at det vart drege båtar mellom Randsfjorden og over til Mjøsa i sein vikingtid.

Undersøkingar

I Vindafjord er det tre slike eid som har vore nytta for å knyte fjordsistema i Nord-Rogaland og



Sunnhordland saman. Mellom Sandeid-Ølen, mellom Åmsosen, Vatsvatnet og Ølensvåg og altså her mellom Isvik og Haraldseidvågen.



Historisk sti

I samarbeid med Skjold Turlag og den kommunale turstigruppa i Vindafjord kommune har det blitt lagt til rette for denne historiske stien opp til Haraldseidfjellet, og du

vil finne historisk informasjon her ved Haraldseidvågen (1), ved landingsplass (2), ved skyttargraver (3) og på Haraldseid (4).

Haraldseidet

Haraldseidet ligg mellom Skjoldafjorden og Ålfjorden. Grunnen til at ein valde å dra fartøy over eidet var at havstykket Sletta nord for Haugesund er svært farleg. Den norske los karakteriserer Sletta som eit farlig bølgjeområde, noko som skuldast at svært varierande dybder kombinert med tidevasstraumar, forårsakar store og uforutsigbare bølgjer. Eidet er cirka 3 kilometer langt og 40 meter på det høgaste. Ei gammal myte forklarar stadnamnet Haraldseid med at Harald Hårfagre hadde ein gard på staden, og han skal også ha dratt skipa sine over eidet for å sleppe unna fiendar. Haraldseid var eit krongods i mellomalderen.

Historikar Nils Olav Østrem skriv om at det er fleire opplysningar om drag av båtar på 1700/1800-talet og i nyare tid. På 1930-tallet vart t.d. to brør engasjerte til på ein gong å frakte tre båtar over Haraldseidet. Båtane blei lagde på ein høyslede. På 1950-tallet fortalte Ola Haraldseid at det var vanlig å frakte båtar over eidet på 1930-talet. Dei vanligaste båttypane var færinger og seksringar som blei lagde på hjulssledar. Ein annan historie frå same tid viser at det også var vanlig å legge ned trestokkar eller båtutstyr som tofter, til å dra båtane på.